



Juletefesten vart innleia med minikonsert ved musikklaget, som sit på podiet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein av dei mest tradisjonsrike festane i bygda vår er juletefesten på Vonheim. Den har kanskje vore halde i alle år sidan det vandrande huset vart opna og vigsla som forsamlingshuset Vonheim i 1933. Festen har hatt ein posisjon som eit høgdepunkt i året opp gjennom åra og var imponerende også i år: Av dei vel 70 som bur i området Haugland/Musland var over 40 med på festen! Ikkje rart at leiinga var tilfreds.



Leikane fekk opp temperaturen og engasjerte både unge og eldre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

At musikklaget spelar julemelodiar på festen er også ein tradisjon og festleiar Britt Torill M. Mathisen var glad for at korpset no har fått ein ny giv og blir større og større. 'Det lyser i stille grender' var den første melodien og så gjekk det slag i slag med dei kjende tonane. Det er ingen tvil om at musikklaget er på god tur til å nå gamle høgder, leia av Magnhild Haugland. Ikkje minst veterane trivs og kjenner seg som unge att! Musikklaget fekk stor og velfortent applaus etter minikonserten sin.

Thomas Mathiesen las jule-evangeliet denne gongen og så var det ein tankevekkjande andakt ved Jan Ove Fagerheim frå Utåker. Han var også, saman med Thomas, med og leia leikane, som fekk låtten fram i forsamlinga. Rikeleg bevertning og gong rundt juleteet sto sjølvsagt også på programmet og stemninga steig etter kvart som kvelden gjekk.

Vonheim er ikkje stort, men stort nok for grenda det er bygt for. Det er eit fint

fellesskap i grenda og det blir styrka gjennom arrangement som juletefesten.

Av Ola Matti Mathisen



Jan Ove Fagerheim heldt andakten denne gongen. (Foto: Ola Matti Mathisen)